

Referat styremøte LLP 7. april 2016

Tid og stad: Oslo byarkiv kl 9.00-12.00

Tom Oddby, Mads Langnes, Petter Høiaas, Anne Overland, Karin Gjelsten, Inger Lene Nytingnes (ref/organisasjonssekretær).

Sak 9. Konstituering

Det nye styremedlemmet Anne Overland ønskjast velkomen. Styreleiar legg fram forslag om at Ole Martin Rønning er nestleiar i komande periode. Styret gjev si tilslutning til dette.

Vedtak: LLP sitt styre er konstituert.

Sak 10. Oppfølging av landsmøtevedtak

-Handlingsplan

Styret er samde om at ein skal invitere Inga Bolstad til eit styremøte i løpet av 2016.

- Stillingsutlysing generalsekretær.

Arbeidsutvalet og Anne Overland unntatt organisasjonssekretær skal ha ansvar for å utarbeide eit forslag til stillingsutlysning. Utlysinga bør ut før sommaren med lang søknadsfrist. Annonse bør ut i starten av juni.

- Leige av kontorlokale. Ein ser tre alternativ; Kulturvernforbundet, Oslo byarkiv, eller saman med museumsforbundet. Tom Oddby følgjer opp og forsøker å ha dette klart så det kan stå i stillingsutlysinga.

- Kven gjer kva?

Budsjett – Anne og Tom kvalitetssikrar budsjettet.

Praktisk – Oppseiing av kontorlokale på Bergen Byarkiv må gjerast etter kvart.

Organisasjonssekretær sjekkar kva som er oppseiingstid.

Sak 11. Førebu møter og henvendelsar til stortingspolitikarar våren 2016

- Møte med Svein Harberg 14. april. Tom Oddby, Ole Martin Rønning og Inger Lene Nytingnes deltek for LLP.

Tema blir arkivlandskapet. Det finst eit landskap utanfor det statlege arkivverket. Peike på kommunale arkiv og privatarkivarbeid. LLP vil og ta opp temaet med støtteordningar.

Anne: - Privatarkiv blir finansiert gjennom fylkene. IKA'ene. Koordinering.

- Møte med AP. Hege H. Liadal. Tom Oddby har vore i kontakt med henne. Same tema som med Svein Harberg.

- Tom Oddby har sendt e-post til representantane for partia i familie- og kulturkomiteen. Han ikkje fått svar frå nokon, men vil kontakte dei igjen. Målet er å avvikle møter med alle partia før sommaren.

- Møte med SP. I samband Arkivverket si omorganisering har SP arrangert eit miniseminar om temaet etter at Kjersti Toppe engasjerte seg. Mads Langnes og Cecilie Lintoft deltok og fekk under seminaret snakka med Lundteigen og Toppe. Dei fekk minna om at det finst eit arkivlandskap utanfor Arkivverket. Lundteigen og Toppe oppmoda om å ta kontakt. Mads Langnes har laga utkast til eit brev.

- LLP vil rette henvendelsar til alle politiske parti om å få arkivpolitikk inn i partiprogramma fram mot valet i 2017. Petter Høiaas har skrive eit utkast og levert til MDG for deira partiprogram. Petter sender det til alle i styret for gjennomsyn. Ole Martin Rønning og Petter Høiaas har ansvar for dette arbeidet.

- Møte med statssekretær Bård Folke-Fredriksen. Folke-Fredriksen har vore positiv til eit møte.

Tom vil sende ein e-post og be om eit møte. Mål er å orientere om arkivlandskapet,

privatarkivarbeid og støtteordningar.

Sak 12 Godkjenning av medlemskap Fredrikstad kommune

Fredrikstad byarkiv og Trondheim byarkiv har søkt medlemskap i LLP.

Vedtak: ”Styret i LLP godkjenner Fredrikstad byarkiv og Trondheim byarkiv som medlem i kategori A, fullt medlemskap, fra og med 22.3.2016. Antall stillinger som jobber med arkiv er så mange at kontigentsatsen settes til makspris, 9700 kroner.”

Sak 13 Eventuelt

- Møteplan. AU-møte 28. april. Styremøte torsdag 2. juni. Styremøte fredag 26. august.

Styremøte 13 oktober. Todagers-styremøte 23.-24. november.

- Reiseregninger. Skal no inn via Visma-systemet.

- Oppsummering av arkivmøtet. Styremedlemene er fornøgde med arkivmøtet.

- Arendalsuka 2016 er eit arrangement med aktørar frå heile samfunnslivet og vert arrangert i august. Debattar med toppolitikarar, m. a. Viktig arena å vere tilstade på. Kan vere nyttig for LLP å vere tilstade. Styret er positive. Deltaking for å lære i år. Det kan bli aktuelt å ha ein stand i 2017.

- Arkivdagen. Riksarkivet er ikkje interesserte i å ha ansvaret lengre.

Skal LLP ha ansvar framover, så må ein ta heile ansvaret for Arkivdagen. Karin Gjelsten og Marit Hosar held fram. Tom melder til Riksarkivet at LLP tek ansvaret.

- Tom Oddby la fram forslag om at ODA og SLA skal inviterast som gjestar til Samdok-konferansen. Styret støttar forslaget. Petter Høiaas sender invitasjon til SLA og ODA.